



Vedtekter

MAREKO - Marint Rekrutterings- og kompetansehevingsfond, Sogn og Fjordane

1. Bakgrunn

Fondet er oppretta på grunnlag av leigeinntekter frå undervisningskonsesjon tilknytta Måløy vidaregåande skule som Fiskeridirektoratet 19.06.17 tildelte Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Fylkeskommunen har leigd ut løyvet til Marine Harvest Norway på vilkår regulert i eigen avtale underteikna 08.09.17. I avtalen heiter det følgjande om fylkeskommunen sin bruk av leigeinntektene:

«Leigeinntektene frå undervisningskonsesjonen skal i følgje denne avtalen i sitt heile nyttast til å byggje opp eit marint rekrutterings – og kompetansehevingsfond. Midlane frå fondet skal nyttast til marine rekrutterings- og utviklingstiltak, hovudsakleg innan akvakultursektoren. Fondet vert forvalta gjennom eigne vedteker. Fondet sine vedtekter vert vedtekne av fylkestinget i Sogn og Fjordane»

2. Organisering

Marint Rekrutterings- og kompetansehevingsfond (MAREKO) er eit fylkeskommunalt fond som vert forvalta etter retningslinene i desse vedtekten.

3. Føremål

Det overordna føremålet med fondet er å bidra til rekruttering og attraktivitet for vidaregåande opplæring i akvakultur og anna vidaregåande opplæring som støttar denne næringa sitt behov for fagkompetanse.

Fondet skal gje støtte til marint retta tiltak og prosjekt som Sogn og Fjordane fylkeskommune ønskjer å gjennomføre og som er i tråd med føringer i Regional plan for verdiskaping i Sogn og Fjordane (Verdiskapingsplanen).

Tiltak og prosjekt som får støtte frå fondet skal ha ei klar forankring i dagens Sogn og Fjordane.

4. Midlane i fondet

Midlane i fondet består av leigeinntektene frå undervisningskonsesjonen, jf. pkt. 6 i avtalen mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Marine Harvest Norway.

5. Fondsforvaltning

Fondsmidlane vert plasserte som ein del av fylkeskommunen sine likvide midlar og forvalta i samsvar med fylkeskommunen sitt finansreglement.

6. Styret

Fylkesutvalet er fondsstyre og tildeler midlar. Fylkesrådmannen utøver sekretariatsfunksjonen.

7. Søknader og tildeling

Ordninga er søknadsbasert.

Det skal som utgangspunkt vere årlege tildelingar frå fondet.

8. Rekneskap og årsrapport

Årleg rekneskap og rapport for fondet skal inngå i fylkeskommunen sitt årsrekneskap og fylkesrådmannen sin årsrapport.

9. Verknadstidspunkt

Vedtekten trer i kraft 01.11.2017.

10. Avvikling av fondet

Fondet kan avviklast av fylkestinget dersom avtalen med Marine Harvest Norway om leigeforholdet vert avslutta. Dette er tidlegast 10 år etter at avtalen vart signert, dvs. i september 2027, jf. pkt. 13 i avtalen mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og Marine Harvest Norway.